



Magnar Hellen  
Galtenesvegen 63  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/337 - 19/9664

Saksbehandlar:  
Hanne Marie Evensen  
hanne.marie.evensen@meland.kommune.no

Dato:  
30.04.2019

## Godkjenning - GBNR 23/219 - Endring av løyve til oppføring av tilbygg - Frekhaug

**Administrativt vedtak.** Saknr: 105/2019

**Tiltakshavar:**

**Søknadstype:**

Søknad om endring av løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3/20-4

### Tiltak

Tiltakshavar har søkt om endring av løyve til oppføring av tilbygg til eksisterande bustad på gbnr. 23/219, Frekhaug. Endringen gjeld ein utviding på 60 cm, frå 1400 mm til 2000 mm breitt. Nytt bebygd areal (BYA) er oppgeve til 16,8 m<sup>2</sup> og nytt bruksareal (BRA) 14,6 m<sup>2</sup>. Egedomen vil etter omsøkt endring vere bebygd med 244,6 m<sup>2</sup> BRA.

For nærare opplysningar om tiltaket elles blir det vist til løyvet gitt i sak 19/337, DS 38/2019. Dette vedtaket gjeld for tiltaket om ikkje anna går fram av vedtaket nedanfor.

### Nabovarsling

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje trong for ny nabovarsling då endringane ikkje får verknader for naboene.

### Lov- og plangrunnlag

Den omsøkte egedomen er regulert til småhus i *Reguleringsplan for industriområde Mjåtveit/Frekhaugmarka*, planid: 125619780310. Det er ikkje angitt tillatt tomteutnytting i føresegna til reguleringsplanen og ein må difor sjå hen til kommuneplanen sin arealdel (KPA) pkt. 1.6.14 pkt. 4, som oppjev maks tillatt utnyttingsgrad til 30 % BYA. Denne oppfyller krav til tilstrekkeleg uteareal etter pbl § 28-7.

Omsøkt endring er i tråd med reguleringsplanen og innanfor tilatt utnyttingsgrad, og kan difor godkjennast.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

## **VEDTAK**

*«Meland kommune godkjenner søknad om endring av løyve til oppføring av tilbygg som omsøkt, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. søknad journalført motteke 11.04.2019.*

*Tiltaket skal utformast som vist på vedlagte teikningar, journalført motteke 11.04.2019 og plasserast i samsvar med tidlegare godkjenning.*

*Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyvet er gitt, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.*

*Dei opplysningane om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden blir registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse».*

\*\*\*\*\*

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

### **Gebyr**

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3,28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Hanne Marie Evensen  
Juridisk rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Teikninger

**Mottakarar:**  
Magnar Hellen

Galtenesvegen 63 5918

FREKHAUG